



FJELL KOMMUNE

Handlingsprogram 2018-2021

Vedteke i Kommunestyret 14.12.2017



POLITISKE PRIORITETAR 2018-2021

1.	Sikra gjennomføring av nytt Sotrasamband, og vegsambanda Sotra nord og Sotra sør.
2.	Leggja til rette for utvikling av kommunal infrastruktur, for ein stor del i samarbeid med fylkeskommunen, vegvesenet og FjellVAR og med bruk av eigedomsskatt som del av finansieringa.
3.	Styringa av kommunen skal baserast på ein balansert og veldriven økonomi.
4.	Vidareutvikla samarbeidet med næringsaktørar, skapa tryggleik for eksisterande arbeidsplassar og leggja til rette for nye etableringar. Arbeide for at det skapast fleire lærlingplassar i kommunen og næringslivet. Ved nye offentlege kontraktar skal bedrifter som har lærlingar føretrekkjast.
5.	Vidareutvikla gode løysingar for busetting, integrering og sysselsetting av flyktingar i fjellsamfunnet.
6.	Sikra trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge, der kunnskap, kultur og utvikling står sentralt. Vidare mobilisera befolkninga til å engasjere seg i frivillig arbeid, og vidareutvikla samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar.
7.	I vår kommune blir det fleire eldre og pleietrengjande i åra som kjem. Vi satsar sterkt på bygging og drift av lokalmedisinsk senter som del av den framtidsretta helse- og omsorgssektoren. Det er grunnleggjande viktig at Fjell kommune har dei best kvalifiserte arbeidstakarane til å utføre denne viktige jobben. Kommunen skal ha stor fokus på å redusere sjukefråvær, sikra god rekruttering og god kompetanse, i første gong innanfor omsorgssektoren.
8.	Sikra at elevar oppnår forventa kompetanse i dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, skriving og rekning.
9.	Samfunnet blir meir og meir komplekst, noko som set nye krav til dei tenestene Fjell kommune skal yte innbuarane. Fjell er langt framme i arbeidet med samordning og ser at vi er på rett veg med eit slikt fokus. Første halvår 2018 skal "Handlingsplan for betre samordning mellom tenestene i høve til å avdekkje og hjelpe barn og deira pårørande i akutte omsorgssituasjonar" i samarbeid mellom Sosial-, Helse- og Oppvekstsjefen ferdigstillast.

Innleiing

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis vedtekne planar skal følgjast opp med tiltak. Kravet om handlingsdel er nedfelt i § 11-1 og § 11-4 i plan- og bygningslova. Det er vanleg å slå saman kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplanen. I Fjell kommune vert også planstrategien vanlegvis rullert årleg, saman med handlingsprogram, økonomiplan og årsbudsjett. Planstrategien vert ikkje rullert i år.

Handlingsprogrammet viser kommunen sine prioriteringar av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver, og konkretiserer tiltaka som kommunen skal arbeida med i løpet av dei komande fire budsjettåra.

Rådmannen rapporterer på status på tiltaka i handlingsprogrammet i årsmeldinga.

Handlingsprogram 2018-2021 viser kva administrative tiltak som skal prioriterast i perioden. Det er til saman 27 tiltak i programmet. Tiltaka er delt inn i ni samfunnstema:

- Samfunnsutvikling
- Administrasjons- og organisasjonsutvikling
- Samferdsle
- Egedomsforvaltning
- Helse, sosial og omsorg
- Barnehage og skule
- Miljø, klima og beredskap
- Digitalisering
- Kultur og friluftsliv

Handlingsprogrammet 2018-2021

Samfunnsutvikling

1. Lage "Sentrumsvedtekter" for Straume og Ågotnes.
2. Kartleggje og planleggje samanhengande gong- og sykkelveg i Fjell kommune, særleg i Straume-området og tilkomstvegane til Straume.
3. Styrka og vidareutvikla den heilskapelege satsinga for å nedkjempa barnefattigdom i kommunen. Det skal utarbeidast tiltak for å utjamna sosiale forskjellar blant barn og unge, og for å redusera dei negative konsekvensane ved å veksa opp i familiar med vedvarande låginntekt.

Administrasjons- og organisasjonsutvikling

4. Førebu og følja opp kommunesamanslåing i regionen, med tanke på økonomiske og organisatoriske følgjer, samt avvikla organisasjonen Fjell kommune.
5. Gjennomføra brukarundersøkingar annakvart år som ein del av kvalitetsutvikling i tenestene.

Samferdsle

6. Fjell kommune skal bidra aktivt i reguleringsplanarbeidet for vegsystema nord/sør.
7. Starte arbeidet med Miljøgata på Straume, t.d. overgang knytt til almenninga.
8. Utbetre Fylkesvegane i kommunen i samarbeid med Statens Vegvesen.

Eigedomsforvaltning

9. Planlegging og gradvis gjennomføring av standardheving for dei eldre kommunale barnehagane Ulveset, Bildøy, Tussatjødna og Straume. Eiga årleg fordelingssak.
10. Oppgradera og rehabiliterer bygg og uteområde på kommunale skular og barnehagar. Dette inneber også fjerning av asbest og tilrettelegging for universell utforming. Foldnes skule skal prioriterast.
11. Ruste opp Ågotnes helsehus blant anna for bruk for ny ungdomsklubb.
12. Planleggja og bygge bustader for personar med store oppfølgingsbehov knytt til rus og psykiatri.

13.	Framskaffa sju husvære i bufellesskap for menneske med psykisk lidning, i tillegg til vidare utbygging som skildra i kommunedelplan for bustadutvikling. Vidare utgreie behov for interkommunalt samarbeid/bustader for menneske med særlege behov/psykisk sjuke.
14.	Etablera fleire omsorgsplassar med heildøgnsbemanning ved Kvednatunet.
15.	Etablera akutt-plassar for ungdom som ikkje kan bu heime. Laga eit ikkje-statleg forsøksprosjekt for ungdomsheim i Fjell kommune.
Helse, sosial og omsorg	
16.	Sikra optimal drift i lokalmedisinsk senter
17.	Utvikling av eit kompetansesenter for menneske med demenssjukdom ved Kvednatunet. Fysiske og teknologiske endringar i bygg skal, saman med tilpassa kvardagsaktivitetar og til dels nye haldningar, skapa opne og trygge miljø som kan gje glede og trivsel i kvardagen.
18.	Etablera eit døgnoppe aksjonssenter lokalisert i Lokalmedisinsk senter. Aksjonssenteret skal vera ein mottakssentral for tryggleiksalarmar og anna velferdsteknologi, og svara og vidareformidla telefonar frå innbyggjarane i kommunen. Aksjonssenteret skal aktivisera eit breitt nettverk av aktørar, både offentlege, private, pårørande, vener og frivillige, som kan aksjonera for å møte både akutte og langsiktige behov.
19.	Etablera oppsøkande verksemd for alle innbyggjarar over 75 år for tidleg identifisering av behov, og rettleiing om tiltak.
Barnehage og skule	
20.	Utvikla systematiske språk- og leseaktivitetar i barnehagen i samarbeid med lesesenteret v/Universitetet i Stavanger og som språkkommune i statleg prosjekt.
21.	Forsterka samanhengen i opplæringa frå barnehage til yrkesliv, for å betra læringsutbytte og motverka fråfallet i utdanningsløpet. Implementera «Framtidsskulen i Fjell», eit prosjekt i tråd med nasjonal satsing for den framtidige skulen. Ein sentral del av dette er auka bruk av digital undervisningsform i skulane.
Miljø, klima og beredskap	
22.	Utarbeida felles beredskapsplan for å handtera livstruande valdsepisodar i barnehagar og skular.
Digitalisering	
23.	Vidareføra satsinga på geografiske informasjonssystem (GIS), med oppdatert kartdata og brukarvenlege løysingar.

24.	Etablere digitale tenester og elektronisk kommunikasjonsform som føretrekt kanal mot innbyggjarar og næringsliv (Digitalt førsteval).
25.	Leggja til rette for og innføra heilelektronisk arkiv
26.	Utvikla bruken av velferdsteknologi som verkty for å auka meistring og eigenomsorg
Kultur og friluftsliv	
27.	Planlegging av gratis sommeraktivitetar for barn og ungdom i Fjell, Sund og Øygarden



FJELL KOMMUNE

Årsbudsjett 2018

Jfr. Kommuneloven § 44 med tilhørende forskrifter

Økonomiplan 2018-2021

Jfr. Kommuneloven § 44 med tilhørende forskrifter

Vedteke KS 14.12.2017



1.	ØKONOMISK STATUS	9
2.	STATSBUDSJETTET 2018 - KOMMUNEOPPLEGGET.....	10
2.1	<i>ENDRINGAR I DET ØKONOMISKE OPPLEGGET FOR 2017.....</i>	10
2.2	<i>REGJERINGA SITT FRAMLEGG FOR BUDSJETTÅRET 2017.....</i>	10
2.2.1	<i>SAMLA VEKST I FRIE INNTEKTER.....</i>	11
2.2.2	<i>AKTUELLE SAKER</i>	12
2.2.3	<i>INNTEKTSSYSTEMET I 2018.....</i>	14
2.2.4	<i>KOMMUNEREFORM</i>	15
3.	ØKONOMISKE NØKKELTAL FJELL KOMMUNE.....	16
3.1	<i>BRUTTO OG NETTO DRIFTSRESULTAT 2012 – 2016.....</i>	16
3.2	<i>DISPOSISJONSFOND 2012 - 2016.....</i>	17
3.3	<i>UBUNDE INVESTERINGSFOND 2012 – 2016</i>	17
3.4	<i>LÅNEGJELD 2012 - 2016</i>	17
3.5	<i>EIGENKAPITALDEL.....</i>	18
3.6	<i>LANGSIKTIG KAPITALFOND</i>	18
4.	KOSTRA ANALYSE	18
4.1	<i>KOSTRA-TAL FOR FJELL KOMMUNE</i>	18
5.	ÅRSBUDSJETT DRIFT 2018 – FJELL KOMMUNE.....	23
5.1	<i>INNLEIING</i>	23
5.2	<i>ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT</i>	24
5.3	<i>INNTEKTER</i>	26
5.3.1	<i>BRUKARBETALING OG ANDRE SALS- OG LEIGEINNTEKTER.....</i>	26
5.3.2	<i>OVERFØRINGAR MED KRAV TIL MOTYTING</i>	28
5.3.3	<i>FRIE INNTEKTER; RAMMETILSKOT OG SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE</i>	28
5.3.4	<i>EIGEDOMSSKATT</i>	28
5.3.5	<i>ANDRE STATLIGE OVERFØRINGAR</i>	28
5.4	<i>UTGIFTER.....</i>	28
5.4.1	<i>LØNSUTGIFTER / LØNSOPPGJER.....</i>	29
5.4.2	<i>SOSIALE UTGIFTER</i>	29
5.4.3	<i>KJØP AV VARER OG TENESTER SOM INNGÅR I TENESTEPRODUKSJON.....</i>	29
5.4.4	<i>KJØP AV VARER SOM ERSTATTAR TENESTEPRODUKSJON.....</i>	29
5.4.5	<i>OVERFØRINGAR</i>	29
5.4.6	<i>AVSKRIVINGAR</i>	30
5.4.7	<i>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</i>	30
5.5	<i>FINANS.....</i>	30
5.5.1	<i>RENTEINNTEKTER, UTBYTTE OG EIGARUTTAK</i>	30
5.5.2	<i>RENTEUTGIFTER, PROVISJONAR OG ANDRE FINANSUTGIFTER</i>	30
5.5.3	<i>AVDRAGSUTGIFTER.....</i>	30
5.6	<i>SEKTORANE</i>	30
5.6.1	<i>RÅDMANNEN</i>	31
5.6.2	<i>STABSFUNKSJONANE.....</i>	31
5.6.3	<i>SERVICETORGSJEFEN</i>	31
5.6.4	<i>KULTURSJEFEN.....</i>	32
5.6.5	<i>SKULESJEFEN</i>	32
5.6.6	<i>BARNEHAGESJEFEN.....</i>	32
5.6.7	<i>SOSIALSJEFEN</i>	33
5.6.8	<i>NAV.....</i>	33
5.6.9	<i>HELSESJEFEN</i>	33
5.6.10	<i>OMSORGSSJEFEN</i>	34

5.6.11	PLAN- OG EIGEDOMSSJEF	34
6.	HOVUDPRIORITERINGAR INVESTERING 2018 - 2021	34
6.1	INVESTERINGSPROGRAM 2018-2021	36
6.2	KOMMENTARAR TIL EINSKILDE INVESTERINGSPROSJEKT	37
6.2.1	RÅDMANNEN	37
6.2.2	IKT- SJEFEN	37
6.2.3	SERVICETORGSJEFEN.....	37
6.2.4	PLAN OG EIGEDOMSSJEFEN	37
6.2.5	EIGEDOM, BYGG OG ANLEGG	38
7.	ØKONOMIPLANEN 2018 - 2021.....	39
7.1	HOVUDTALA I ØKONOMIPLANEN 2018 - 2021	40
8.	POLITISKE PRIORITERINGAR 2018.....	41

1. Økonomisk status

Netto driftsresultat

Fjell kommune har hatt positive netto driftsresultat dei siste 3 åra med til saman 55,7 mill. I 2016 vart netto driftsresultatet på + 13,6 mill.

Dei siste åra har det vore gjennomført innsparingstiltak i heile organisasjonen som har bidrege til årleg resultatforbetring og positive resultat. Det er sett av 20 mill i balansen til oppstart av lokal medisinsk senter (LMS).

Status 2. tertial 2017

Status pr. 8 månader i 2017 viser eit netto driftsresultat på om lag minus 40 mill før bruk og avsetjing til fond. Det er venta at netto driftsresultat ved årets utgang vil ligge på minus 25 - 35 mill dersom ein korrigerer for inntekt til tiltakspakke (20,4 mill) og eingongstilskot til etablering av ny kommune (35,9 mill). Desse midlane er ikkje budsjettert i 2017 og vil for det meste verte avsett i balansen til 2018 og seinare.

Eigenkapital og gjeld

Eigenkapitalgraden (Eigenkapital/Total kapital eks kapitalkonto) har vore stabil dei 4 siste åra og var på 6,9 % ved utgangen av 2016. Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2016 på 136,8 mill. Fjell kommune har lånegjeld på om lag 1,5 mrd ved utgangen av 2016 noko som utgjør om lag 62 tusen pr. innbyggjar.

Det langsiktige kapitalfondet var på om lag 243 mill ved utgangen av 2016 og det er venta at avkastninga i 2017 vil verte på om lag 8 mill.

Likviditet

Likviditeten har betra seg sidan 2013, men i 2017 har likviditeten hatt ein fallande tendens. Noko av likviditeten skriv seg frå låneopptak til investeringsprosjekt.

Utviklingstrekk i planperioden

Fjell kommune står framfor store utfordringar i åra som kjem, mellom anna som følgje av endra behov i befolkninga. Særleg vil dette gjelde innanfor tenestområda omsorg, sosial og helse. Endringar i befolkningsamansetjinga og eit aukande tal eldre i Fjell kommune i åra som kjem gjer at ein lyt tenkje annleis, mellom anna i utformina av tenestene til ulike brukargrupper.

For å møte noko av utfordringane er det allereie vedteke å byggje eit Lokal medisinsk senter. Det er ei målsetjing å setje av 10 mill kvart år til drift av lokal medisinsk senter (LMS). Det vart sett av 10 mill til LMS i 2015 og 10 mill i 2016, totalt 20 mill. Grunna svikt i dei frie inntektene i 2017 er det venta at ein må bruke noko av desse midlane til å dekkja innarbeidde stillingar knytt til LMS i 2017. Det er heller ikkje rom for ytterlegare avsetjing i budsjettet for 2018 og LMS må starte opp gradvis.

Fjell kommune har trappa opp innsatsen for å busetje og integrere flyktingar dei siste åra. Dette har medført fleire og meir omfattande oppgåver på dei ulike sektorane. I 2017 har det

komme færre flyktningar og det er venta at Fjell kommune vil busetje 15 nye flyktningar i 2018. Det vart i 2016 oppretta 3 driftseiningar med heildøgnsdrift knytt til einslige mindreårige flyktningar (EM). Dette tiltaket er vidareført i 2018. Når behovet for 3 einingar fell vekk, vil personalressursar kunne overførast til andre einingar i kommunen.

Det er venta at realauken i dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) vil vere moderat i 4-års perioden, mellom anna som følgje av svak oljepris og strukturelle endringar i olje- oljerelatert næring. I tillegg er det venta moderat vekst i verdsøkonomien.

2. Statsbudsjettet 2018 - Kommuneopplegget

2.1 Endringar i det økonomiske opplegget for 2017

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 1,0 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med i underkant av kr. 3,4 mrd. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 1,0 prosent til 3,3 prosent, i høve til faktisk innkomen skatt i 2016.

Bakgrunnen for høgare skattevekst for kommunane er ekstraordinært stort utbytte til personlege skattytarar for inntektsåret 2016.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er uendra frå revidert nasjonalbudsjett, det vil seie 2,3 prosent.

2.2 Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2017

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 2,4 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2018 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (1,1 prosent) og lønsvekst (3 prosent).

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir uendra frå 2017 til 2018, det vil seie 11,80 prosent.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2018.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,6 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i deflatoren med 3,0 prosent for 2018, og tel om lag to tredelar av den samla deflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester vil inngå i deflatoren med 1,9 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagde tabell viser rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2018. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabellen byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2016. Når det gjeld dette grunnlaget, er det justert for pårekna skatteutvikling i 2017 og 2018.

I berekning av skatteprognose for 2018 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2016 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2016. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Veksten i rammeoverføring frå 2017 til 2018 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet frå 2017
- oppdatering av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga frå 2017
- endring i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Priskompensasjon frå 2017 til 2018 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene

2.2.1 Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2017 til 2018 med knapt 3,6 mrd. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Denne veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2017 til 2018 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2017 til 2018 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 2,2 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing. Dette er den delen av samla meirutgifter knytte til den demografiske utviklinga (kr. 2,2 milliard av kr. 2,7 milliard) som er pårekna å bli dekte av veksten i dei frie inntektene.
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene omtrentleg reknast til kr. 0,30 mrd. (kr. 0,35 mrd. for heile kommuneforvaltninga).
3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:
 - Kr. 300 mill. til opptrappingsplan for rusomsorg. Dette er eit trinn i ein opptrappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020
 - Kr. 200 mill. til tidleg innsats i barnehage og skule
 - Kr. 200 mill. til førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Det er ei målsetjing å gjere kommunane i stand til å ta større ansvar på barnevernsområdet, jf. barnevernsreforma.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2017 til 2018 med 2,6 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for dette, også i vedlagt tabell, slik at det ikkje inngår i prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

2.2.2 Aktuelle saker

Opptrappingsplan for rus

Det er ein opptrappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020.

Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med satsinga på rusomsorg. I 2016 og 2017 var denne opptrappinga gjennom rammetilskotet på til saman kr. 700 mill.

For 2018 er det lagt opp til ei ytterlegare opptrapping av rammetilskotet med kr. 300 mill. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntekts-systemet.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Rammetilskot knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2017 til 2018, med priskompensasjon. For 2018 blir rammetilskotet knytt til føremålet kr. 753,5 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr. 100.000,- per kommune.

Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Tilskotsordninga til dagaktivitetstilbod for personar med demens blir vidareført. Det er framlegg om å leggja til rette for 350 nye plassar i 2018.

Innlemming av bustadsosiale tilskot i rammetilskotet

I 2017 blei kr. 10 mill. av øyremerkt bustadsosialt tilskot (Arbeids- og sosialdepartementet) innlemma i rammetilskotet. For 2018 er det framlegg om å innlemma kr. 28 ½ mill. i rammetilskotet.

I 2017 blei kr. 5,7 mill. av øyremerkt bustadsosialt kompetansetilskot (KMD) innlemma i rammetilskotet. For 2018 er det framlegg om å innlemma kr. 15 ½ mill. i rammetilskotet.

Tilskot frivilligsentralar

Tilskot til frivilligsentralar blei innlemma i rammetilskotet i 2017. I tillegg til priskompensasjon frå 2017 til 2018 vil ytterlegare kr. 15 mill. bli fordelt i 2018. Totalt kr. 169,9 mill. vil bli fordelt med særskilt fordeling i 2018, med utgangspunkt i fordelinga av det øyremerkte tilskotet i 2016.

Tidleg innsats i barnehage og skule

Regjeringa gjer framlegg om å styrka arbeidet med tidleg innsats i barnehage og i skulen for å fanga opp utfordringar tidleg og følgja dei opp raskt. Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med denne satsinga i 2018.

Halvdelen av desse midlane blir fordelte mellom kommunane etter delkostnadsnøkkelen for barnehage. Den andre halvdelen av midlane blir fordelte etter delkostnadsnøkkelen for grunn-skule.

Barnevern

Kroner 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er grunnlagt med førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Målsetjinga er at kommunane skal kunne ta eit større ansvar på barnevernsområdet, i lys av barnevernsreforma. Midlane blir fordelte mellom kommunane etter den samla kostnadsnøkkelen.

Sjukeheimplassar og omsorgsbustader

I revidert nasjonalbudsjett for 2017 vart tilseingsramma utvida slik at det kan bli gitt investeringstilskot til omtrent 3100 plassar i år med heildøgnsomsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimplassar. For 2018 er det framlegg om ei tilseingsramme som vil gi grunnlag for å gi investeringstilskot til om lag 1800 nye einingar.

I 2017 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2018 som i 2017.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming.

Stortinget har vedteke ei gradvis endring (2017 - 2020) i investeringstilskotet slik at det frå og med 2021 berre blir gitt investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar som aukar det samla talet på plassar i kommunen, det vil seie ikkje tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar. Omlegginga blir med det gjennomført med 40 prosent verknad i 2018.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2018 er basert på direkte lønsutgifter i 2017 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2018:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1,157 mill. til kr. 1,235 mill. for netto utgifter i 2017. Det inneber ein auke på kr. 50.000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2017 (2,4 prosent).
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2018 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2017. Kommunane skal inntektsføra den pårekna

kompensasjonen i rekneskapan for det same året som utgiftene har vore. Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Barnehagar

Stortinget vedtok i revidert nasjonalbudsjett for 2017 at det øyremerkte tilskotet til fleire barnehagelærarar på kr. 172,2 mill. blei overført til rammetilskotet. Heilårsverknad av denne innlemminga i rammetilskotet utgjer for 2018 (sju månader i tillegg), med priskompensasjon (2,6 prosent), kr. 247,2 mill. Dette blir innlemma i rammetilskotet for 2018.

Det er lagt opp til auka foreldrebetaling i barnehage med kr. 110,- per måned. Rammetilskotet blir på denne bakgrunn redusert med kr. 301,5 mill.

Vedlikehald og rehabilitering

Det er i 2016 og 2017 gitt eit eige øyremerkte tilskot til vedlikehald og rehabilitering for kommunar på Sør- og Vestlandet med høg arbeidsløyse. I 2017 er den samla ramma for tilskotet kr. 650 mill.

Det er ikkje framlegg om noko løyving i 2018.

2.2.3 Inntektssystemet i 2018

Det er ikkje lagt opp til omleggingar i inntektssystemet frå 2017 til 2018 knytte til:

- inntektsutjamning
- utgiftsutjamning med basistilskot
- veksttilskot
- distriktstilskot
- småkommunetillegg

Veksttilskotet for 2018 vil bli gitt til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst på 1,4 prosent eller meir dei siste tre åra. Veksttilskotet blir gitt som eit fast tilskotsbeløp per ny innbyggjar utover vekstgrensa. Tilskotssats for 2018 er i framlegget kr. 57.191,-, som er det same som for 2017.

Det er i framlegget lagt opp til å ikkje prisjustera satsane for dei regionalpolitiske tilskota frå 2017 til 2018. Dette omfattar distriktstilskot med småkommunetillegget, veksttilskot og storbytilskotet. Dei frigjorte midlane vil i staden bli omdisponert til ei styrking av innbyggjar-tilskotet og vil med det bli fordelte mellom alle kommunane.

Det vil vere endringar i distriktstilskot med småkommunetillegget for nokon kommunar frå 2017 til 2018 som følgje av endring i distriktsindeks og endringar i innbyggjartalet.

Overgangsordninga INGAR gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn grenseverdien frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon blir justert opp frå kr. 300,- per innbyggjar i 2017 til kr. 400,- per innbyggjar i 2018.

Vi viser til informasjon om inntektssystemet i vårt brev av 19.mai d.å. om kommuneopplegget for 2018.

Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda kommunane brev med grunngeving for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2018.

2.2.4 Kommunereform

Regionsentertilskot

Tilskotet skal gå til kommunar som slår seg saman når den nye samanslåtte kommunen vil bli meir enn om lag 8.000 innbyggjarar. Det blir ikkje gitt regionsentertilskot til kommunar som mottek storbytilskot.

Regionsentertilskotet er fordelt mellom dei framtidige samanslåingskommunane med ein sats per samanslåing (60 prosent av samla tilskot) og ein sats per innbyggjar (40 prosent av samla tilskot). Fordelinga mellom kommunane i kvar samanslåing er gjort på grunnlag av innbyggjartalet.

Det er lagt til grunn at tilskotet blir nytta til fellestiltak for den nye samanslåtte kommunen.

Ramma for tilskotet blir på landsbasis utvida frå kr. 100 mill. i 2017 til kr. 200 mill. i 2018, med heilårsverknad.

Det er ikkje gitt signal om vidareføring av regionsentertilskotet utover 2018.

Fordelinga av tilskotet går fram av vedlagt tabell.

Overgangsordning 2017 - 2019

Det blir i perioden 2017 - 2019 gitt årleg kompensasjon til kommunar i samanslåing som har fått redusert basistilskot frå 2016 til 2017 på grunn av omlegginga til gradering av halvdel av basistilskotet (basert på strukturverdi i høve til grenseverdi).

I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som kjem gjennom overgangsordninga INGAR.

Kompensasjon i denne overgangsordninga blir også gitt til kommunar i samanslåing som får redusert småkommunetilskot som følgje av trekk, frå og med 2017, basert på distriktsindeks. Ingen av kommunane i Hordaland i kommunesamanslåingar blir omfatta av dette trekket.

Tilskotet vil i 2018 inngå i innbyggjartilskotet med særskilt fordeling. Fordelinga i 2018 er i vidareføring frå 2017, med tillegg av priskompensasjon.

Kompensasjonen er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Beløpa er ein del av tilskotsbeløpa i kolonne for innbyggjartilskotet.

Ufrivillig åleine

Det blir gitt delvis kompensasjon til kommunar som er blitt ståande ufrivillig åleine etter kommunereforma og som tapte på omlegginga av basistilskotet eller småkommunetilskotet frå 2016 til 2017.

I utrekninga av kompensasjon blir det teke omsyn til den kompensasjonen som blir gitt gjennom overgangsordninga INGAR.

I 2017 er det gitt kompensasjon til Stord kommune. Det er lagt opp til å vidareføra dette tilskotet frå 2017 til 2018, med priskompensasjon. Tilskotet vil bli gitt av departementet (KMD) sine ikkje fordelte skjønsmidlar. Det er difor ikkje med i vedlagt tabell.

Eingongstilskot og inndelingstilskot

Tilskot for eingongskostnader er utbetalt i år, samt tilskot knytt til infrastrukturtiltak.

Reformtilskot vil bli utbetalt etter at kommunesamanslåing har vorte sett i verk. Det vil seie etter 01. januar 2020.

Årleg inndelingstilskot blir utbetalt frå og med år 2020 (i 15 + 5 år). Det erstattar bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing. Inndelingstilskotet vil vere basert på tilskot og kriteriegrunnlaget for 2016. Det blir tillagt årleg priskompensasjon. Basistilskotet i 2016 var kr. 13,2 mill. for kvar kommune.

3. Økonomiske nøkkeltal Fjell kommune

I det følgjande vert det presentert ulike økonomiske tabellar som gjev eit oversyn over Fjell kommune si økonomiske stode.

3.1 *Brutto og netto driftsresultat 2012 – 2016*

Brutto driftsresultat gjev uttrykk for resultatet av kjernedrifta, og inkluderar resultatata for dei ulike tenesteområda. Brutto driftsresultat viser om kommunen sine løpande inntekter er store nok til å dekke løpande utgifter, før finansområdet. Brutto driftsresultat er driftsinntekter (skatt, rammetilskot, brukarbetaling) minus driftsutgifter (løn, kjøp av varer og tenester, tilskot og avskrivningar).

Netto driftsresultat viser endeleg resultat inklusive finansområdet. Teknisk Beregningsutvalg (TBU) tilrår at netto driftsresultat bør være minst 1,75 % av driftsinntektene i ein kommune med god økonomi. Då har kommunen nok overskot til å sikre stabilitet i tenestene ved til dømes å avsetje til disposisjonsfond, og dekke uføresette utgifter samt å sikre god likviditet. For Fjell kommune utgjorde TBU sin anbefaling i 2016 27,9 mill medan faktisk resultat var på 13,6 mill.

Tabell 1; Tabellen under viser utviklinga i brutto og netto driftsresultat dei siste 5 åra (tal i heile tusen)

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Total Volum rekneskap
2012 Brutto driftsresultat	973	13 586	-12 613	1 403 601
2013 Brutto driftsresultat	7 860	24 916	-17 056	1 470 489
2014 Brutto driftsresultat	15 840	8 739	7 101	1 505 228
2015 Brutto driftsresultat	54 975	28 262	26 713	1 560 664
2016 Brutto driftsresultat	25 064	22 915	2 149	1 707 089
2012 Netto driftsresultat	-14 450	0	-14 450	1 403 601
2013 Netto driftsresultat	-1 679	16 650	-18 329	1 470 489
2014 Netto driftsresultat	10 430	-9 250	19 680	1 505 228
2015 Netto driftsresultat	31 658	2 252	29 406	1 560 664
2016 Netto driftsresultat	13 606	-500	14 106	1 707 089

3.2 Disposisjonsfond 2012 - 2016

Disposisjonsfondet er ein del av eigenkapitalen som kan disponerast både i drifts- og investeringsrekneskapen utan særskilte bindingar.

Tabell 2; Tabellen under viser utviklinga i disposisjonsfond dei siste 5 åra (tal i heile tusen).

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
Disposisjonsfond	92 074	90 083	91 055	108 565	136 882

Noko av auken frå 2015 til 2016 skuldast omklassifisering av avsetjing til LMS frå bundne fond til disp.fond.

3.3 Ubunde investeringsfond 2012 – 2016

Ubunde investeringsfond er ein del av eigenkapitalen som berre kan nyttast i investeringsrekneskapen utan særskilte bindingar.

Tabell 3; Tabellen under viser utviklinga i ubundne investeringsfond dei 5 siste åra (tal i heile tusen).

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
Ubundne Investeringsfond	104 128	93 928	104 128	104 128	93 928

Reduksjonen frå 2015 til 2016 skuldast finansiering av kjøp av tomt ved Sotra arena.

3.4 Lånegjeld 2012 - 2016

Lånegjelda er ein del av den langsiktige gjelda som det er knytt rente- og avdragskostnader til. Lånegjelda finansierer dei langsiktige investeringane i bygg og anlegg.

Tabell 4; Tabellen under viser utviklinga i lånegjeld dei siste 5 åra (tal i heile tusen).

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
Lånegjeld	1 294 609	1 355 510	1 404 417	1 436 501	1 575 490

Lånegjelda i 2016 utgjorde 98,7 % av driftsinntektene.

Tabell 5; Tabellen under viser renteberande gjeld i % av totale inntekter inklusiv finans og totale driftsinntekter dei 5 siste åra (tal i heile tusen).

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
Lånegjeld	1 294 608 591	1 355 509 774	1 404 416 580	1 436 500 576	1 575 490 425
Driftsinntekter	1 265 167 721	1 328 226 005	1 390 377 559	1 468 582 660	1 596 274 288
Totale inntekter inkl. finans	1 294 624 110	1 357 682 393	1 421 720 535	1 483 284 581	1 619 867 933
Lånegjeld i % av driftsinntekter	102,3 %	102,1 %	101,0 %	97,8 %	98,7 %
Lånegjeld i % av tot. Inntekter	100,0 %	99,8 %	98,8 %	96,8 %	97,3 %

3.5 Eigenkapitaldel

Eigenkapitaldelen er den frie eigenkapitalen delt på lånegjeld. Eigenkapitaldelen viser ein fallande tendens fram til og med 2014 grunna auka gjeld og reduksjon i eigenkapitalen. Eigenkapitalen har igjen har auka i 2015 og 2016.

Tabell 6; Tabellen under viser eigenkapitalgraden dei siste 5 åra (tal i heile tusen).

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
Eigenkapital (disp.fond og ub.kap.fond)	196 202	184 011	195 183	212 694	230 811
Lånegjeld	1 294 609	1 355 510	1 404 417	1 436 501	1 575 490
EK/Lånegjeld	15,16 %	13,58 %	13,90 %	14,81 %	14,65 %

3.6 Langsiktig kapitalfond

Tabellen under viser utviklinga i det langsiktige kapitalfondet og kapitalfondet i % av lånegjeld. Kapitalfondet er dei midlane som er plassert til langsiktig avkastning. Dei består i hovudsak av eigenkapital.

Tabellen 7; Tabellen viser langsiktig kapitalfond dei siste 5 åra og kapitalfond i % av lånegjeld (tal i heile tusen).

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016
Langsiktig kapitalfond	236 366	215 232	226 260	228 938	242 710
Kapitalfondet i % av lånegjeld	18,26 %	15,88 %	16,11 %	15,94 %	15,41 %

4. Kostra analyse

Nemninga KOSTRA står for kommune- stat rapportering og gjev styringsinformasjon om prioriteringane til kommunal og fylkeskommunal verksemd, dekningsgrad, bruksratar og produktivitet.

4.1 Kostra-tal for Fjell kommune


Statistisk Sentralbyrå publiserer i april kvart år tal frå Kostra-rapporteringa for året før. Føremålet med KOSTRA er å gje informasjon om ressursbruk i kommunar og fylkeskommunar. Prinsippet er at tala skal gje eit representativt bilete av ressursbruken i kommunen og gje grunnlag for samanlikning kommunane i mellom.

Generelt viser Kostra-tala for 2016 at Fjell kommune har ein gjennomgåande høgare kostnadsvekst enn samanliknbare kommunar. Kostnadsveksten for Fjell kommune held fram i 1. tertial 2017.

Skule

Tal frå Kostra/SSB har vist at ressursbruken pr. elev på skule i Fjell siste 5 år har vore høg samanlikna med våre nabokommunar Askøy og Os og snitt for landet. Skilnaden vart noko redusert gjennom endringar i skulestruktur og generelle innsparingar for 2014. Men som grafen under viser vart denne reduksjonen ikkje vidareført i 2015 og for 2016 er veksten den største i diagrammet.


Tidsserie



Nettfordeling

For ungdomstrinnet isolert viser grafen under at lærartettheten i Fjell er særst høg. Grafen viser tal elever pr. lærer. Fjell kommune har få elever på kvar lærer.


Tidsserie



Omsorg


Tal frå Kostra SSB har tidlegare vist at ressursbruken på heimetenester innan omsorg ligg vesentleg lågare enn våre nabokommunar og snitt for landet. Som grafen under viser ligg vi framleis under snittet. Men veksten er noko større for Fjell kommune enn snittet siste to år og då særskild for 2016.

Tidsserie



For pleie i institusjon er bilete noko anna. Her viser Kostra-tala at Fjell ligg over snittet på kostnad pr. institusjonsplass. Vidare er veksten høg siste to år. Dei høge tala kan dels forklarast med at Fjell kommune har eit lågt tal på plassar i institusjon og ein del tenester organisert innan pleiedelen som er felles også for andre.

Tidsserie



Sosial

Tal frå Kostra SSB har tidlegare vist at ressursbruken på barnevern ligg vesentleg lågare enn våre nabokommunar og snitt for landet. For 2016 viser grafen at skilnaden er kraftig redusert, men nivået ligg framleis i det lågare sjikt. Noko av forklaringa på kostnadsauken for 2016 er oppstart av EM tiltaket.

Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten


Informasjon

Indikatoren viser driftsutgiftene inkludert avskrivninger etter at driftsinntektene, som bl.a. inneholder øremerkede tilskudd fra staten og andre direkte inntekter, er trukket fra. De resterende utgiftene må dekkes av de frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer fra staten mv., og indikatoren viser dermed også prioritering av disse inntektene.

Teller = Netto driftsutgifter (kontoklasse 1, artene (010- -480) +590 - artene [artene (600-895)]). Funksjonene 244 Barnevernstjeneste, 251 Barnevernstiltak ikke plassert av barnevernet og 252 Barnevernstiltak plassert av barnevernet. Data hentet fra kommuneregnskapet i 1 000 kroner. Teller multiplisert med 1 000 gir indikator i kroner.

Nevner = alle innbyggere 0-17 år hentet fra SSBs befolkningsstatistikk

Tidsserie



Barnehage

Tal frå Kostra SSB har tidlegare vist at ressursbruken på kommunale barnehagar tidlegare har vore noko under våre nabokommunar og snitt for landet. For 2016 viser grafen at skilnaden er utlikna og at kostnaden veks meir enn snittet.

Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage

Informasjon


Korrigerte brutto driftsutgifter pr. kommunal bruker i kroner, barnehager = (Korrigerte driftsutgifter til funksjon 201+211+221) / (antall barn med barnehageplass i kommunale barnehager)*1000

Teller = Korrigerte brutto driftsutgifter (kontoklasse 1, artene (010- 290) + 429 + 590 - artene (690, 710, 729, 790), funksjonene 201, 211 og 221. Data er hentet fra kommuneregnskapet i 1000 kr

Nevner = Antall barn i kommunale familie- og vanlige barnehager. Barn i åpen barnehage er ikke inkludert. Data hentes fra "Årsmelding for barnehager per 15.12." som rapporteres via BASIL.


Tidsserie

- 1241 Sunn
- 1246 Fylk
- 1259 Regioner
- 80211 Annonseringsgruppe 19
- 80472 Hordaland
- 80473 Landet uten Oslo
- 804 Landet



Nav

Kostra-tala for sosialtenesta speglar dei økonomiske realitetane. Medan Fjell kommune tidlegare har hatt låge kostnader aukar desse sterkt både for 2015 og 2016.



5. Årsbudsjett drift 2018 – Fjell kommune

5.1 Innleiing

Årsbudsjettet for 2018 er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 550.000. For å balansere budsjettet er det og budsjettet med ei avkastning frå det langsiktige kapitalfondet på 6 mill. Det er ikkje budsjettet med inntekter frå eigedomsskatt i driftsbudsjettet men eigedomsskatten er vidareført med ein sats på 2 promille. Vidare er det ikkje budsjettet med opplæringsmidlar i 2018. Det er budsjettet med 1,75 mill til oppstart av Rop-hus på Bildøy. Det er budsjettet med 9 årsverk øyremerka til LMS i 2018. I tillegg er det satt av 5 mill til drift av LMS. Det er tidlegare sett av 20 mill til LMS i balansen under disposisjonsfond.

Det er sett av om lag 14,2 mill til lønsoppgjjer i 2018. I 2017 var det ikkje avsett midlar til lønsoppgjjeret.

Det er i budsjettet for 2018 lagt opp til ei innsparing på 15 mill knytt til strukturendringar.

Integreringstilskotet knytt til flyktingar er for budsjettåret 2018 redusert til 37 mill mot 48 mill i 2017. Det er venta at Fjell kommune vil busette om lag 15 nye flyktingar i 2018.

Inntektsanslaga for dei frie inntektene er strekt 10-15 mill noko utover det som KS sin prognose-modell for budsjettering av skatt- og rammeoverføring syner. I tillegg er refusjonskrava strekt langt. Samla sett er inntektssida den største risikoen i budsjettet.

5.2 Økonomisk oversikt drift

Tabellen som følger under viser hovudtrekka i driftsbudsjettet for 2017(rev), 2018 og rekneskapen for 2016:


HOVUDOVERSIKT	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Driftsinntekter	-1 692 905 000	-1 601 880 000	-1 596 274 288
Driftsutgifter	1 687 030 000	1 574 310 000	1 571 210 200
Brutto driftsresultat	-5 875 000	-27 570 000	-25 064 088
Netto finansutgifter	81 125 000	81 665 000	67 375 075
Motpost avskrivningar	-66 000 000	-61 000 000	-55 917 031
Netto driftsresultat	9 250 000	-6 905 000	-13 606 044
Bruk av avsetjingar	-9 800 000	-4 500 000	-31 304 220
Avsetjingar	-	10 000 000	32 593 362
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	-550 000	-1 405 000	-12 316 902

Tabellen som følger viser ei meir detaljert oversikt over driftsbudsjettet for 2018:

HOVUDOVERSIKT	Budsjett 2018	Budsjett 2017	Rekneskap 2016
Brukerbetalinger	-55 943 250	-57 241 000	-50 905 343
Andre salgs- og leieinntekter	-64 202 000	-57 714 000	-53 885 795
Overføringer med krav til motytelse	-223 083 846	-171 117 000	-219 877 735
Rammetilskudd	-578 266 000	-554 365 000	-534 819 260
Andre statlige overføringer	-38 468 000	-49 985 000	-46 989 544
Andre overføringer	-320 000	-320 000	-413 061
Skatt på inntekt og formue	-732 622 000	-705 738 000	-684 024 537
Eiendomsskatt	-	-5 400 000	-5 359 013
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-
SUM DRIFTSINNTEKTER (B)	-1 692 905 096	-1 601 880 000	-1 596 274 288
Lønnsutgifter	881 961 006	838 315 000	817 051 786
Sosiale utgifter	239 235 940	224 543 000	198 506 067
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	181 994 100	168 638 000	175 820 722
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	254 581 250	230 245 000	237 842 749
Overføringer	63 257 800	51 569 000	86 071 845
Avskrivninger	66 000 000	61 000 000	55 917 031
Fordelte utgifter	-	-	-
SUM DRIFTSUTGIFTER (C)	1 687 030 096	1 574 310 000	1 571 210 200
BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)	-5 875 000	-27 570 000	-25 064 088
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-14 875 000	-14 695 000	-14 821 228
Gevinst på finansielle instrumenter	-6 000 000	-	-8 772 417
Mottatte avdrag på utlån	-	-	-
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER (E)	-20 875 000	-14 695 000	-23 593 645
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	55 000 000	52 360 000	49 759 920
Tap på finansielle instrumenter	-	-	-
Avdrag på lån	47 000 000	44 000 000	41 208 800
Utlån	-	-	-
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)	102 000 000	96 360 000	90 968 720
RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	81 125 000	81 665 000	67 375 075
Motpost avskrivninger	-66 000 000	-61 000 000	-55 917 031
NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	9 250 000	-6 905 000	-13 606 044
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk			-17 510 813
Bruk av disposisjonsfond	-5 000 000		
Bruk av bundne fond	-4 800 000	-4 500 000	-13 793 407
SUM BRUK AV AVSETNINGER (J)	-9 800 000	-4 500 000	-31 304 220
Avsetninger til disposisjonsfond			17 510 813
Avsetninger til bundne fond	-	10 000 000	15 082 549
SUM AVSETNINGER (K)	-	10 000 000	32 593 362
REGNSKAPSMESSIG MER- MINDREFORBRUK (L = I+J-K)	-550 000	-1 405 000	-12 316 902

5.3 Inntekter

Driftsinntektene aukar med om lag 91 mill, ei auke på 5,68% i høve til revidert budsjett 2017. Dei frie inntektene (skatt og ramme) aukar med 50,8 mill, ei auke på 4%.



Tal i heile mill

5.3.1 Brukarbetaling og andre sals- og leieinntekter

Alle gebyr og brukarbetalingar er auka med 4% med unntak av byggjesaksgebyr og oppmålingsgebyr som er foreslått auka med 2,6%. For å få samsvar mellom budsjetterte inntekter og faktiske inntekter er ikkje alle budsjettpostar auka tilsvarande. I samband med nytt anbod og skifte av leverandør er satsane for tryggleiksalarm auka med om lag 29,6%, frå kr 270 pr. mnd. (240 pr. mnd. for minstepensjonistar) til kr 350 pr. mnd. For brukar nr. 2 i familien, ektefelle, sambuar og liknande, vert satsen kr 165 pr. mnd.

Maksimalsatsane for foreldrebetaling i barnehagane vert fastsett sentralt og aukar med 6,59%, frå kr 2.730 til kr 2.910 for heiltidsplass.

Eigenbetaling	2017	2018	Auke	%-vis auke
Barnehagar *				
(satsar pr. måned)				
41 timar og meir	2 730	2 910	180	6,59 %
Maks 33 timar	2 461	2 623	162	6,59 %
Maks 25 timar	2 115	2 254	139	6,59 %
Maks 17 timar	1 758	1 873	116	6,59 %
Skulefritidsordninga				
(satsar pr. måned)				
Heil plass, frå og med 11 timar pr veke	2 480	2 580	100	4,00 %
Ettermiddagsplass frå skuleslutt til kl. 15.30	1 870	1 940	70	4,00 %
Morgonplass	920	960	40	4,00 %
Ferie SFO (pr veke)	845	875	30	4,00 %
Fjell kulturskule				
(satsar pr. år)				
Pris pr. elev	3 080	3 200	120	4,00 %
Søsken	2 490	2 590	100	4,00 %
Instrumentleige pr år	950	990	40	4,00 %
Praktisk bistand				
(satsar pr. måned)				
2 til 3 G	730	760	30	4,00 %
3 til 4 G	1 490	1 550	60	4,00 %
4 til 5 G	2 210	2 300	90	4,00 %
Over 5 G	2 940	3 060	120	4,00 %
Max timesats	270	280	10	4,00 %
Betaling for ferdigmat				
(satsar pr. eining)				
Suppe/dessert	23	24	1	4,00 %
Frossen middag pr. porsjon	78	81	3	4,00 %
Varm middag pr. porsjon	88	92	4	4,00 %
Institusjonsopphald				
(satsar pr. dag, jfr statens satsar)				
Korttidsopphald **	155	160	5	3,23 %
Dagsopphald **	80	80	-	0,00 %
Frokost	30	31	1	4,00 %
Tryggleiksalarm ***				
(satsar pr. måned)				
Tryggleiksalarm	270	350	80	29,63 %
Tryggleiksalarm nr. 2 i husstanden	0	165	-	
Husleige Bu & Servicesenter				
40 m2 - pr .mnd	7 080	7 360	280	4,00 %
45 m2 - pr mnd	8 100	8 420	320	4,00 %
55 m2 - pr mnd	9 100	9 460	360	4,00 %
Mat Bu & Servicesenter				
Full pakke	4 110	4 270	160	4,00 %
Feiing og tilsyn				
Vanleg hus	600	620	20	4,00 %
Industripipe	870	900	30	4,00 %
Feiing etter oppdrag	1 170	1 220	50	4,00 %
Andre gebyr og betalingssatsar				
Plansakbehandling				+4,0%
Byggesaksgebyr				+2,6%
Oppmålingsgebyr				+2,6%
Alle andre gebyr og betalingssatsar				+4,0%

*) Nye satsar vert fastsett sentralt

**) Nye satsar vert fastsett av Helse dep. med heimel i forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester.

***) Nye satsar grunna nytt anbud og ny leverandør

Gebyr knytt til plansak, byggesak og kart og oppmåling går fram av "Lokale forskrifter om kommunale gebyr".

5.3.2 Overføringer med krav til motyting

Denne posten omfattar refusjonskontoar der Fjell kommune må sende krav for å få refundert sine utlegg, til dømes sjuke- og fødselspengar og meirverdiavgiftskompensasjon.

Auken skuldast mellom anna auka refusjon for ressurskrevjande tenester. I tillegg kjem refusjon frå Sund barnevern.

5.3.3 Frie inntekter; rammetilskot og skatt på inntekt og formue

Skatt på inntekt og formue og rammetilskot, frie inntekter, er til saman budsjettert med kr 1.310.888.000, ei auke i høve revidert budsjett 2017 på 50,8 mill eller 4%. Dette beløpet er basert på folketal pr. 01.07.2017. Det er i tala innarbeid eit veksttilskot på 6 mill, samt gjort uttrekk for elevar i private skular med netto 19,2 mill. Skatteanslaget for 2018 er basert på utrekningar frå KS sin skattemodell, og skattauken for heile landet er rekna til 3,8% medan Fjell kommune sin skattevekst er rekna til 2,5%. Skatteanslaget i budsjettet er strekt 10-15 mill utover det som modellen viser.

5.3.4 Eigedomsskatt

Det er ikkje budsjettert med eigedomsskatt i 2018, men eigedomsskatten er vidareført med ein sats på 2 promille. Regjeringa har i statsbudsjett for 2018 kome med framlegg om endringar i eigedomsskattelova. Endringane går ut på at verk og bruk går ut som eige skatteobjekt. Dette betyr at ein ikkje lenger kan skattelegge produksjonsutstyr, men berre bygningane.


Endringa vil truleg ha lite å seie for Fjell kommune, då det er ein svært avgrensa del av takstgrunnlag som er knytt til produksjonsutstyr.

5.3.5 Andre statlige overføringer

Integreringstilskot knytt til flyktningar er redusert med 11 mill frå 2017 til 2018. Det er venta å busette 15 nye flyktningar i 2018. Integreringstilskotet finansierer utgiftspostar knytt til flyktningar fordelt på dei ulike sektorane.

5.4 Utgifter

Driftsutgiftene aukar med 112,7 mill, ei auke på 7,2% i høve revidert budsjett 2017. Av denne auken er om lag 58 mill løn og sosiale utgifter. Ein del av denne utgiftsauken er finansiert med statlege midlar samt refusjonar frå andre kommunar på inntektssida. Avsetnad til lønsoppgjær er på 14,2 mill i 2018. Nedanfor er det gjort greie for utgiftspostane.



Tal i heile mill

5.4.1 Lønnsutgifter / lønsoppgjjer

Brutto lønsutgifter (eks. sos.omk.) aukar med 43,6 mill. Av dette utgjer heilårsverknad av lønsoppgjjer 2017 om lag 19,5 mill (27,1 mill inkludert sos. omkostningar). Det er innarbeidd 9 stillingar knytt til LMS i driftsbudsjettet for 2018. Vidare er det innarbeidd 7,6 nye stillingar knytt til Sund barnevern som Fjell kommune får refusjon for. På barnehagesektoren er det innarbeidd nye årsverk knytt til utviding av Hamramyra barnehage. Det er budsjettert med 14,2 mill i lønsavsetnad i 2018. Stillingsbudsjettet er budsjettert på kvar tenestestad.

5.4.2 Sosiale utgifter

Denne posten omfattar i hovudsak arbeidsgjevaravgift og pensjon. Auken er på 14,7 mill.

5.4.3 Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon

Auken er på om lag 13 mill frå 2017 til 2018.

Utgiftsauken skuldast mellom anna auke i kjøpte tenester knytt til barnevern og ressurskrevjande tenester. Til nokre av desse utgiftene gjev staten refusjon.

5.4.4 Kjøp av varer som erstattar tenesteproduksjon

Denne posten omfattar tenester som kommunen kjøper frå andre. Auken er på 24,3 mill frå 2017 til 2018. Auken skuldast i hovudsak meirutgifter til private barnehagar samt meirutgifter til utanbys born. I tillegg kjem kjøp av statlege institusjonsplasser knytt til barnevern.

5.4.5 Overføringer

Denne posten er budsjettert med 63,2 mill i 2018, ei auke på om lag 11,7 mill frå 2017.

Auken skuldast mellom anna tilskot til bustad og tilskot til livsopphald hos NAV.

I tillegg kjem tilleggsføringar til mellom anna LMS og drift av rop-hus.

5.4.6 Avskrivningar

Avskrivningar er rekna til 66 mill, ei auke på 5 mill i høve 2017. Avskrivningar er ein kostnad som ikkje vert betalt, men syner det rekneskapsmessige kapitalslitet kvart år. Effektane av avskrivningar vert sett i 0 i driftsrekneskapan og ”erstatta” av utgiftsposten avdrag.

5.4.7 Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat er positivt med 5,9 mill, noko som er om lag 21,7 mill lågare enn budsjettet i 2017.

5.5 Finans

5.5.1 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak

Aksjeutbytte frå BKK er budsjettet med 8,8 mill i 2018. Ei auke på om lag 1,2 mill i høve 2017. Avkastning frå det langsiktige kapitalfondet er budsjettet med 6 mill i 2018.

5.5.2 Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter

Renteutgiftene aukar med 2,6 mill grunna nye låneopptak.

5.5.3 Avdragsutgifter

Avdrag på lån er basert på minimumsmetoden (lånegjeld 01.01/maksimalt ant. år gjeld kan avdras over) og utgjer 47 mill i 2018. Avskrivningar utgjer 66 mill i 2018.

5.6 Sektorane

SEKTOROVERSIKT	Budsjett 2017	Lønsoppgjer 2017	Totalt 2017	Budsjett 2018	Endring 2017-2018
10 RÅDMANNEN	-1 262 058 000	111 000	-1 261 947 000	-1 319 030 000	-57 083 000
11 PERSONALSJEFEN	12 427 000	113 000	12 540 000	12 499 000	-41 000
12 ØKONOMISJEFEN	8 341 000	157 883	8 498 883	8 463 000	-35 883
13 IKT-SJEFEN	16 346 000	119 883	16 465 883	16 444 000	-21 883
14 SERVICETORGSJEFEN	170 130 000	418 517	170 548 517	178 832 000	8 283 483
Herav 1131 BARNEHAGE	135 004 000		135 004 000	145 230 000	10 226 000
15 KULTURSJEFEN	17 768 000	162 252	17 930 252	14 591 000	-3 339 252
21 SKULESJEFEN	357 461 000	3 021 135	360 482 135	363 701 000	3 218 865
22 BARNEHAGESJEFEN	98 634 000	1 440 194	100 074 194	100 454 000	379 806
23 SOSIALSJEFEN	67 888 000	693 767	68 581 767	80 713 000	12 131 233
24 NAV	33 072 000	207 414	33 279 414	38 511 000	5 231 586
30 HELSESJEFEN	117 172 000	1 719 295	118 891 295	122 671 000	3 779 706
32 OMSORGSSJEFEN	232 867 000	3 147 936	236 014 936	252 590 000	16 575 064
40 PLAN- OG EIGEDOMSSJEFEN	11 138 000	678 907	11 816 907	8 691 000	-3 125 907
	117 409 000	761 509	118 170 509	120 320 000	2 149 491
SUM	-1 405 000	12 752 693	11 347 693	-550 000	

Auken utanom generell lønsauke på kvar sektor er kommentert nedanfor.

Alle opplæringsmidlar til sektorane er trekt inn og eventuelle kurs/opplæring må finansierast med eksterne midlar.

5.6.1 Rådmannen

Dei frie inntektene (skatt og rammeoverføring) aukar med 50,8 mill, medan integreringstilskot er redusert med om lag 11 mill. Aksjeutbytte frå BKK er auka frå 7,5 mill i 2017 til 8,8 mill i 2018. Det er budsjettert med avkastning frå det langsiktige kapitalfondet med 5 mill.

Eigedomsskatt er vidareført med 5,4 mill.

Utgiftssida er auka med avdrag og avskrivningar, medan renteutgiftene er auka med 2,6 mill.

Avdraga er rekna etter minimumsmetoden og aukar med 3 mill, til 47 mill.

Det er lagt inn lønsavsetjing for 2018 med 14,2 mill. Lønsoppgjeret for 2018 er eit hovudoppgjer.

Det er lagt opp til ei innsparing knytt til strukturendringar på 15 mill i 2018.

Sotra og Øygarden brannvern

Budsjettet til Sotra og Øygarden brannvern er vidareført på same nivå som i 2017 utan auke, totalt kr 18.308.000 inklusiv tilskot til investeringsfond med kr 670.000. Brannsjefen sitt framlegg til budsjett ligg som vedlegg til saka.

Fjell kyrkjelege fellestråd

Budsjettet til Fjell kyrkjelege fellestråd er vidareført på same nivå som i 2017 utan auke, totalt kr 14.696.000 Fjell fellestråd sitt framlegg til budsjett ligg som vedlegg til saka.

Gode Sirklar

Kjøp av tenestar frå Gode Sirklar er auka med kr 250.000 til totalt kr 1.250.000 i 2018.

5.6.2 Stabsfunksjonane

Personalsjefen, økonomisjefen og IKT sjefen sitt budsjett er noko redusert i høve 2017 grunn av bortfall av opplæringsmidlar. Hos økonomisjefen er det teke ut 0,7 årsverk som skal haldast vakant i 2018. IKT-sjefen har teke ned service/driftsavtale med kr 387.000.

Personalsjefen er redusert med 0,4 årsverk som er avgitt til prosjekt ny kommune.

5.6.3 Servicetorgsjefen

Servicetorgsjefen sitt budsjett eks. barnehage er redusert med om lag 2 mill i høve 2017.

Reduksjonen skuldast at utgifter til val er tatt ut i 2018. I tillegg er det innsparing på om lag 1 mill knytt til vakansar og reduksjon i andre driftsutgifter.

Det er budsjettert med refusjon for 0,8 årsverk heile året for 2 personar som er frikjøpt til arbeid med prosjekt «Nye Øygarden kommune». Konsekvens er mindre kapasitet til å følgja opp møteaktivitet og sakskriving i politisk sekretariat.

Den samla kapasiteten i avdelinga vil verta redusert, men det er forventat at naudsynte oppgåver likevel kan gjennomførast, sjølv om saksbehandlingstida for nokre oppgåver kan verta litt lenger enn det som har vore normalt. Tilrettelegging for elektronisk arkiv i fagsystem kan verta utsett.

Servicetorgsjefen sitt budsjett knytt til barnehage er auka med 10,2 mill. Av dette gjeld om lag 5 mill utbetaling til private barnehagar og 5 mill utanbys born. Barnehagesektoren har i fleire år vist seg å vera vanskeleg å budsjettera korrekt, dette vil og vera tilfelle for 2018. Dette fordi det heile tida kjem endringar i lov og forskrift som påverkar dei kommunale budsjetta, og fordi det er uråd å veta kor mange barn frå vår kommune som har barnehageplass i andre kommunar og kor mange barn frå andre kommunar som har barnehageplass i Fjell. Vi ser i 2017 at trenden med overskot på utanbys barn har snudd dramatisk og at det no er fleire barn frå Fjell som har barnehageplass i andre kommunar. Dette gjeld i særleg grad Bergen som i 1. halvår 2017 har mange fleire barn frå Fjell enn tidlegare. Vi ser og at Bergen og andre nabokommunar som tidlegare hadde barn i barnehagar i Fjell kommune, no har ledig kapasitet og fyller opp eigne barnehagar med både eigne barn og barn frå Fjell. Denne utviklinga kan tenkast å ha samanheng med trafikksituasjonen på Sotra og nedgangen i lokale arbeidsplassar.

5.6.4 Kultursjefen

Kultursjefen sitt budsjett er redusert med om lag 3,3 mill i høve 2017. Dette skuldast i hovudsak at avsetjing til sykkel VM med 3 mill, tilleggsløyving til Bergen med 0,5 mill og prosjektstilling Bygdebok med 0,6 mill er teke ut. I tillegg er det gjort eit nedtrekk på 0,3 mill hos kultursjefen. Kultursjefen er styrka med om lag kr 800.000 til servicebuss. I tillegg er budsjettet styrka med lønsauke og sosiale utgifter.

Nedtrekka hos kultursjefen kan mellom anna medføre utfordring å søkja eksterne midlar då dette og fordrar interne midlar. Færre samlingar for frivillige innafor organiserte lag og foreiningar. Redusert deltaking på viktige nasjonale og regionale konferansar. Eventuelt kutt i Kulturgallaen vil kunne medføre at ein arena for å anerkjenna frivillig innsats i Fjell fell bort.

5.6.5 Skulesjefen

Skulesjefen sitt budsjett er auka med om lag 3,2 mill i høve 2017. Av dette er det lagt inn 1,5 mill til skuletur for 10. klasse. Det er lagt inn innsparing i lærartimar på 2%, noko sum utgjer 4,8 mill i nedtrekk på skulesjefen sitt budsjett. Det er budsjettert med 3 nye klasser og 55 nye elevar i 2018. Nedtrekket i lærartimar kan gje redusert kvalitet på undervisningstilbodet. Særleg kan dette gå ut over tilboda til dei elevane som treng særleg tilrettelegging for fagleg og sosial utvikling. Ein reduksjon i timetal kan også auka arbeidspresset på personalet og læringsmiljøet til elevane kan i nokon grad bli svekka.

5.6.6 Barnehagesjefen

Budsjettet er vidareført frå 2017 med ein innsparing på 2,7 årsverk knytt til teneste 2111 «Styrka tilbod barnehage». Innsparinga utgjer om lag 1,5 mill. Elles aukar budsjettet med om

lag 0,4 mill og er knytt til utviding av Hamramyra barnehage på Ågotnes. Det er ikkje lagt inn midlar til nye krav om pedagogisk bemanning gjeldande frå haust 2018.

Nedtrekket på 2,7 årsverk gjeld språk- og integreringsstøtte og individuell tilrettelegging for barn med redusert funksjonsevne. Desse vil soleis kunne få eit dårlegare tilbod.

Makspris på brukarbetaling i barnehagar er auka med kr 180 pr. mnd. til kr 2.910 for heil plass.

5.6.7 Sosialsjefen

Sosialsjefen sitt budsjett aukar med 12,1 mill i høve 2017. Det er lagt inn auke i løn og utlegg fosterheim med om lag 5 mill. I tillegg er posten for kjøp av institusjonsplasser frå staten auka med om lag 3,5 mill.

Det er gjort nedtrekk i turnusordninga på EM-husa med til saman 2 mill fordelt på dei 3 husa. Dette vil kunna medføra at tenesta må omorganiseras. Dette i samarbeid med tillitsvalte og verneombod.

Frå og med 1. juli 2017 har sosialsjefen overteke ansvaret for Sund barnevern gjennom verksemd overtaking. Utgiftene til Sund barnevern er i 2018 budsjettert til om lag 18 mill. Det er lagt inn refusjon frå Sund kommune på tilsvarende beløp.

5.6.8 NAV

NAV sitt budsjett er auka med 5,2 mill i høve 2017. Auken er knytt til tilskot til bustad og tilskot til livsopphald til faktisk nivå i 2017. For å balansere budsjettet er det gjort nedtrekk i NAV sitt budsjett med totalt 2,4 mill. Dei største postane i nedtrekket gjeld kvalifiseringsstønad med 1 mill, tilskot til livsopphald med 0,5 mill og redusert flyktingetilskot med 0,7 mill. Konsekvensane av nedtrekket kan vere at det vil gå ut over svake grupper, til dømes personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne knytt til kvalifiseringsprogrammet.

5.6.9 Helsesjefen

Helsesjefen sitt budsjett er auka med 3,8 mill i høve 2017. Det er gjort nedtrekk i helsesjefen sitt budsjett med til saman 2,7 mill. Av dette er om lag 1 mill løn, og 1,2 mill redusert introduksjonsstønad. Konsekvensane av nedtrekket kan medføre noko reduksjon av tenestetilbodet innan helsetenester til flyktingar samt psykologteneste. Det er budsjettert med 2,5 mill til drift av LMS i 2018. I tillegg er det førebels budsjettert med 1,75 mill til drift av Rop-hus på Bildøy i 2018.

Helsesjefen har frå 2016 overteke ansvar for flykting- og rustenesta som tidlegare låg under NAV. Frå og med 2016 har helsesjefen overteke ansvar for Øygarden legevakt. Kostnadsauken knytt til drift av ny felles legevakt vert fullfinansiert med refusjon frå Øygarden kommune og auka brukarbetaling.

5.6.10 Omsorgssjefen

Omsorgssjefen sitt budsjett er auka med 16,5 mill i høve 2017. Auken skuldast mellom anna nye ressurskrevjande brukarar som det ikkje er knytt refusjon til. I tillegg er det også budsjettert med 2,5 mill til drift av LMS i 2018, samt 1 mill til utstyr for omsorgstenestene.

Det er ikkje gjort noko nedtrekk i omsorgssjefen sitt budsjett for 2018.

5.6.11 Plan- og Eigedomssjef

Plandelen sitt budsjett er redusert med om lag 3,1 mill i høve 2017. Dette skuldast at midlar til kommunedelplan nordre Lillesotra med 1 mill og klimaplan med 0,5 mill er teke ut for 2018. Plansjefen si stilling er inndregen og slått saman med eigedomssjef. I tillegg er eit årsverk halde vakant i 2018. Konsekvensen av dette kan vere at kommunen ikkje har kapasitet til å prioritera oppfølging av ulovleg byggjing. Inntektsnivået er vidareført frå 2017 medan gebyrsatsane er føreslege auka med 4% på plansak og kart, og 2,6% på byggesak.

Eigedom sitt budsjett aukar med 2,0 mill i høve 2017. Dette skuldast auke i husleige og energi. Det er gjort eit nedtrekk på eigedom med 2 mill knytt til årsverk, 2 årsverk på drifts- og vedlikehaldsleiar og 1 årsverk på samferdsle. Konsekvensane av nedtrekk på drift og vedlikehald vil kunne medføre mindre vedlikehald på bygg og lengre responstid på vinter vedlikehaldet. Konsekvensane av nedtrekk på samferdsle kan vere at det vil gå utover utføring av trafikksikrings-prosjekt.

Det er i statsbudsjettet for 2018 ikkje lagt opp til ny tiltakspakke.

6. Hovudprioriteringar investering 2018 - 2021

Nedanfor vert det gjort greie for planlagde investeringar i perioden 2018-2021, samt finansiering av desse. Følgjande premissar er lagt til grunn for utarbeiding og handsaming av investeringsbudsjettet:

Alle brutto kostnader ved eit prosjekt skal takast med. Dette omfattar kostnader knytt til tomt, planlegging/prosjektering (inkl. løn), mva, finansiering (byggjelånsrenter), bygging, utsmykking og inventar og utstyr.

Det skal budsjetterast brutto for alle prosjekt. Dette inneber at totalkostnaden ved eit prosjekt skal synleggjerast. Bruttoinvesteringa kjem fram i tabellen investeringsprogram 2018-2021. Finansieringa av prosjekta med statlege og andre tilskot (t.d. mva-komp, husbankmidlar og tippemidlar), låneopptak og eigen finansiering(t.d. sal av eigedom), kjem fram i oversikta. Prosjekta skal gjennomførast på beste måte i teknisk/økonomisk forstand. Budsjettert sum i eit år skal dekkja venta utgifter same året, men ein kan akseptera visse forskyvingar i faktiske utgifter mellom år. Endringar i kostnadsoverslag (budsjett) vert innpassa ved justeringar av summene når langtidsprogrammet vert rullert i dei årlege budsjetta.

Kommunestyret skal godkjenne alle kjende kostnadsoverskridingar, anten ved budsjettvedtak eller ved handsaming i eiga sak. Kommunestyret kan delegera til underordna organ å overføra midlar mellom prosjekt dersom utgiftene ved eit prosjekt vert mindre enn forventa og innsparingane vert nytta til å dekkja forventa overskridingar ved andre prosjekt.

Kommunestyret skal handsama alle investeringsprosjekt. Dette skjer i samband med budsjettopplegget eller ved framlegging av eiga sak. Investeringsramma for Fjell VAR A/S skal avgjerast av kommunestyret, men vil i praksis fastsetjast gjennom avgiftsnivå og garantiordning.

Ein del investeringsprosjekt er starta opp i 2017 eller tidlegare og treng fullfinansiering i seinare år. Vidare kan det vere naudsynt å endra kostnadsoverslaga for nokre prosjekt på grunnlag av meir detaljert kunnskap. Kommunen si totale økonomiske stode set grenser for investeringsvolumet. Investeringar er til vanleg kostnadsdrivande på driftssida, både gjennom auka renter og avdrag ved nye låneopptak, og gjennom utgifter til løn, straum, reinhald, vedlikehald o.a. Når investeringsrammene og finansieringsprofilen skal fastleggjast, må omsynet til totaløkonomien og trongen for nye tenester vegast opp mot kvarandre.

6.1 Investeringsprogram 2018-2021

	Brutto Total løyving	Brutto Tidlegare løyvd	Investeringsprogram 2018-2021 (Alle tal i heile tusen)									2019	2020	2021		
			2018						Finansiering	Låne opptak	Brutto				Brutto	Brutto
			Brutto	Mva komp	Bruk av kap.fond	Tippe-midlar	Husb. midlar	Sal eiged.								
Rådmannen 1000																
Eigenkapitalinnskot pensjon FKP	Årleg	Årleg	6 000		-6 000							3 000	3 000	3 000		
Sum rådmann			6 000	-	-6 000	-	-	-	-	-	-	3 000	3 000	3 000		
IKT-sjefen 1120																
IT-satsing	Årleg	Årleg	12 000	-2 400						-9 600		12 000	12 000	12 000		
Sum IKT-sjef			12 000	-2 400	-	-	-	-	-	-9 600	-	12 000	12 000	12 000		
Servicetorgsjefen 1130																
Inventar/utstyr	Årleg	Årleg	4 000	-800						-3 200		1 000	1 000	1 000		
Bustader rus	40 000	40 000														
Bustader til andre	100 000	60 000	20 000					-8 000		-12 000		20 000				
Bustader til flyktningar	70 000	70 000														
Sum servicetorgsjef			24 000	-800	-	-	-8 000	-	-	-15 200	-	21 000	1 000	1 000		
Plan- og Eigedomssjefen 4000																
Gravplasser Landro	30 000	1 000	9 000	-1 800						-7 200		20 000				
Landro skule rehab/utbygg	75 000	62 000	13 000	-2 600						-10 400						
Lokal medisinsk senter (LMS)	300 000	165 000	100 000	-7 664						Byggjelån	35 000					
Sal av CCB-tomt	-82 000	-67 000							-15 000							
Ombygging av ROP-hus på Bildøy	22 000	19 500	2 500	-500				-750		-1 250						
Utviding barnehagekapasitet Ågotnes	42 000	38 000	4 000	-800						-3 200						
Utbetring Bjørøy Skule	50 000	2 000	25 000	-5 000						-20 000	23 000					
Utbetring Skålevik skule	2 000	2 000		0							0					
Tomtekjøp	Årleg	Årleg	2 000							-2 000	2 000	2 000	2 000	2 000		
Oppgradering Skjenet	2 000	-	2 000	-400						-1 600	-	-	-	-		
Ladestasjoner kommunale bygg	4 000	-	2 000	-400						-1 600	2 000					
Etablering av Grønnavdeling	1 000	-	1 000	-200						-800						
Reservestrømsprosjekt tiltak og vidareutvikling Ågotnes	11 000	9 000	2 000	-400						-1 600						
Utbyggingsprosjekt	0	0	0	0						0						
Ombygging/Rehab.bygg	Årleg	Årleg	15 000	-2 800						-12 200	20 000	15 000	15 000	15 000		
Kommunale kaiar- påkostning	Årleg	Årleg	600	-120						-480	600	600	600	600		
Rehab eldre barneh.	16 500	8 000	5 500	-1 100						-4 400	3 000					
Trafikksikring	Årleg	Årleg	7 000	-1 400						-5 600	7 000	7 000	7 000	7 000		
Vegutbetring	30 000	10 000	10 000	-2 000						-8 000	10 000					
Utbetring av veier	50 000	50 000														
Rundkjøring ved kystbygarasje			4 500	-900						-3 600						
Oppgradering Geitvika			1 000	-200						-800						
Sotra Arena			3 000	-600						-2 400						
Sartonveien (Miljøgaten)	16 000															
Grønmyrsvegen	25 000															
Tiltak og vidareutvikling Ågotnes Idretsanlegg	16 000															
Sum plan- og eigedomssjef			109 100	-21 220	-	-	-750	-	-	-87 130	122 600	24 600	24 600	24 600		
Eigedomsskatt																
Total sum			151 100	-24 420	-6 000	-	-8 750	-	-	-111 930	158 600	40 600	40 600	40 600		

Investeringsprogrammet har ei bruttoramme på 390,9 mill i perioden 2018-2021. I tillegg er startlån budsjettert med 60 mill i 2018 og 40 mill kvart år i perioden 2019-2021, til saman 180 mill. I 2018 er investeringsramma brutto 151,1 mill, finansiert med 24,4 mill i mva kompensasjon, bruk av investeringsfond med 6 mill, 8,8 mill i tilskot frå husbanken og 111,93 mill i låneopptak.

I tillegg skal det tas opp eit byggjelån i 2017 knytt til LMS med total låneramme på 300 mill. Når prosjektet er ferdig er det lagt opp til at LMS vil verte finansiert med 82 mill i sal av CCB-tomt, 23 mill i mva-kompensasjon, 70 mill i Husbankmidlar og 125 mill i låneopptak.

Fjell kommune betalar 44 mill i avdrag i 2017, dette vil auka til 47 mill i 2018.

6.2 Kommentarar til einsskille investeringsprosjekt

I det følgjande vert det gjeve eit oversyn over investeringsprosjekta for perioden 2018-2021.

6.2.1 RÅDMANNEN

Fjell kommune gjer kvart år innskot i Fjell kommunale pensjonskasse (FKP). Desse innskotta skal førast i investeringsrekneskapen. Det er ikkje høve til å låna til desse innskotta. Dei må dekkast gjennom bruk av eigenkapital.

6.2.2 IKT- SJEFEN

Investeringsplanen inneber investeringar på 12 mill kvart år i perioden 2018-2021. Investeringsbudsjettet er auka i samband med digitalisering av undervisning i grunnskulen.

6.2.3 SERVICETORGSJEFEN

Det er budsjettetert med 4 mill til inventar og utstyr i 2018. Dette inkluderer 1 mill til inventar og utstyr generelt, 1,6 mill til stoler Foldnes kyrkje, 0,5 mill til oppgradering kantine rådhus og 0,9 mill til dekning av tidlegere års meirforbruk. I perioden 2019-2021 er det budsjettetert med 1 mill kvart år til inventar og utstyr.

Ramma på 100 mill til kjøp og bygging av bustader til personar med særskilde behov er fordelt med 30 mill i 2016, 30 mill i 2017, 20 mill i 2018 og 20 mill i 2019.

6.2.4 PLAN OG EIGEDOMSSJEFEN

Gravplasser Landro

Arbeidet med ny gravplass på Landro startar opp i 2018 og er førebels kostnadsrekna til 30 mill, fordelt med 1 mill i 2017, 9 mill i 2018 og 20 mill i 2019.

Landro skule rehab/utbygging

Det er tidlegare sett av 62 mill til Landro skule fordelt med 15 mill i 2015, 15 mill i 2016 og 32 mill i 2017. Prosjektet er fullfinansiert i 2018 med 13 mill.

Lokal medisinsk senter

Det er totalt sett av 300 mill til Lokal medisinsk senter i perioden 2015-2019, fordelt på 8 mill i 2015, 45 mill i 2016, 112 mill i 2017, 100 mill i 2018 og 35 mill i 2019. Det er venta at prosjektet vert ferdigstilt i 2019. Prosjektet er finansiert med 70 mill i husbankmidlar, 82 mill i sal av CCB tomt (over ein 10-års periode med rentebelastning på restsaldo som vert ført i drift), 23 mill i mva. komp og låneopptak med 125 mill. Fjell kommune må mellomfinansiere både husbankmidlar og sal av CCB-tomt.

Ombygging ROP-hus

Det er tidlegare sett av 19,5 mill til ombygging av ROP-hus. I 2018 er prosjektet fullfinansiert med 2,5 mill slik at totalløyving vert 22 mill.

Utviding barnehagekapasitet Ågotnes

Det er tidlegare sett av 38 mill til prosjektet. I 2018 er prosjektet fullfinansiert med 4 mill lik at totaløyving vert på 42 mill.

Utbetring Bjørøy skule

Det er tidlegare sett av 2 mill til prosjektet. I 2018 og 2019 er det sett av høvesvis 25 mill og 23 mill slik at førebels totaløyving vert på 50 mill. Det vert lagt fram sak om Bjørøy skule i 2018.

Utbetring Skålevik skule

Det er tidlegare sett av 2 mill til utbetring av Skålevik skule. I perioden 2018-2021 er det førebels ikkje sett av midlar til utbetring av Skålevik skule. Det vert lagt fram sak om Skålevik skule i 2018.

6.2.5 EIGEDOM, BYGG OG ANLEGG

Tomtekjøp

Det er totalt avsett 8 mill til tomtekjøp i perioden 2018-2021.

Oppgradering Skjenet

Det er i 2018 sett av 2 mill til oppgradering av VestNytt bygget. Det vart lagt fram eiga sak om dette i 2018.

Ladestasjoner kommunale bygg

Det er satt av 2 mill i 2018 og 2 mill i 2019 til ladestasjoner i kommunale bygg.

Etablering av grøn avdeling

Det er satt av 1 mill til etablering av grøn avdeling under Plan- og eigedomssjefen.

Reservestrømsprosjekt

Det er tidlegare sett av 9 mill til prosjektet. I 2018 er det satt av 2 mill slik at totaløyving vert på 11 mill. Prosjektet skal sikra naudstrøm til helselandsbyen på Straume.

Ombygging/rehabilitering bygg

Det er budsjettert med 15 mill i 2018 til ombygging/rehabilitering. I 2019 er det satt av 20 mill medan det er satt av 15 mill kvart år i 2020 og 2021.

Kommunale kaiar

I perioden 2018-2021 er det budsjettert med 0,6 mill kvart år til påkostning av dei kommunale kaiane. Løyvingane vert nytta mellom anna til sikringstiltak.

Rehabilitering eldre barnehagar

Det er tidlegare satt av 8 mill til rehabilitering av eldre barnehagar. I 2018 er det satt av 5,5 mill og i 2019 er det satt av 3 mill.

Trafikksikring

Midlane til trafikksikring er samla i ein post og utgjer 7 mill kvart år i perioden 2018-2021.

Vegutbetring

Det er sett av 10 mill kvart år i perioden 2016-2019 til vegutbetring, totalt 30 mill.

Utbetring av vegar

Det er i 2017 sett av 50 mill til utbetring av Vestsidevegen og Foldnesvegen finansiert med bruk av ubundne investeringsfond.

Rundkjøring ved kystbygarasje

Det sett av 4,5 mill til rundkjøring ved kystbygarasjen.

Oppgradering Geitvika

Det er sett av 1 mill i 2018 til oppgradering av Geitvika.

Sotra Arena

Det er sett av 3 mill til Sotra Arena i 2018

7. Økonomiplanen 2018 - 2021

Fjell kommune har teke utgangspunkt i årsbudsjett for 2018 og vidareført budsjettet dei neste tre åra på grunnlag av vekst på følgjande område:

Premissar økonomiplan 2018-2021	Auke 18-19	Auke 19-20	Auke 20-21
Brukerbetalinger	4,00 %	4,00 %	4,00 %
Andre salgs- og leieinntekter	3,00 %	3,00 %	3,00 %
Overføringer med krav til motytelse	2,84 %	2,84 %	2,84 %
Rammetilskudd	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Andre statlige overføringer	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Andre overføringer	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Skatt på inntekt og formue	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Eiendomsskatt	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Lønnsutgifter	2,17 %	2,71 %	2,72 %
Sosiale utgifter	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Overføringer	2,60 %	2,60 %	2,60 %
Avskrivninger	2,00 %	2,00 %	2,00 %
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	2,00 %	2,00 %	2,00 %
Gevinst på finansielle instrumenter	1,00 %	1,00 %	1,00 %
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2,00 %	2,00 %	2,00 %
Avdrag på lån	4,26 %	4,08 %	3,92 %

Det er eit krav i Kommunelova at økonomiplanen skal gå i balanse kvart år i planperioden, etter bruk av fond. Det må understrekast at anslaga er usikre og avrunda. Konkrete tal får ein først når Stortinget handsamar budsjettet kvar haust.

7.1 Hovudtala i økonomiplanen 2018 - 2021

Økonomiplan 2018-2021	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Brukerbetalingar	-55 943 250	-58 181 000	-60 508 000	-62 928 000
Andre salgs- og leieinntekter	-64 202 000	-66 128 000	-68 112 000	-70 155 000
Overføringer med krav til motytelse	-223 083 846	-229 419 000	-235 966 000	-242 741 000
Rammetilskudd	-578 266 000	-593 295 000	-608 721 000	-624 548 000
Andre statlige overføringer	-38 468 000	-39 468 000	-40 494 000	-41 547 000
Andre overføringer	-320 000	-328 000	-337 000	-346 000
Skatt på inntekt og formue	-732 622 000	-751 670 000	-771 213 000	-791 265 000
Eiendomsskatt	-	-	-	-
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-
SUM DRIFTSINTEKTER (B)	-1 692 905 096	-1 738 489 000	-1 785 351 000	-1 833 530 000
Lønnsutgifter	881 961 006	901 137 000	925 526 000	950 704 000
Sosiale utgifter	239 235 940	245 456 000	251 838 000	258 386 000
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	181 994 100	186 726 000	191 581 000	196 562 000
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	254 581 250	261 200 000	267 991 000	274 959 000
Overføringer	63 257 800	64 903 000	66 590 000	68 321 000
Avskrivningar	66 000 000	67 320 000	68 666 000	70 039 000
Fordelte utgifter	-	-	-	-
SUM DRIFTSUTGIFTER (C)	1 687 030 096	1 726 742 000	1 772 192 000	1 818 971 000
BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)	-5 875 000	-11 747 000	-13 159 000	-14 559 000
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-14 875 000	-15 173 000	-15 476 000	-15 786 000
Gevinst på finansielle instrumenter	-6 000 000	-6 060 000	-6 121 000	-6 182 000
Mottatte avdrag på utlån	-	-	-	-
SUM EKSTERNE FINANSINTEKTER (E)	-20 875 000	-21 233 000	-21 597 000	-21 968 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	55 000 000	56 100 000	57 222 000	58 366 000
Tap på finansielle instrumenter	-	-	-	-
Avdrag på lån	47 000 000	49 000 000	51 000 000	53 000 000
Utlån	-	-	-	-
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)	102 000 000	105 100 000	108 222 000	111 366 000
RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	81 125 000	83 867 000	86 625 000	89 398 000
Motpost avskrivningar	-66 000 000	-67 320 000	-68 666 000	-70 039 000
NETTO DRIFTSRESULTAT (I)	9 250 000	4 800 000	4 800 000	4 800 000
Bruk av disposisjonsfond	-5 000 000	-	-	-
Bruk av bundne fond	-4 800 000	-4 800 000	-4 800 000	-4 800 000
SUM BRUK AV AVSETNINGER (J)	-9 800 000	-4 800 000	-4 800 000	-4 800 000
Avsetningar til disposisjonsfond	-	-	-	-
Avsetningar til bundne fond	-	-	-	-
SUM AVSETNINGER (K)	-	-	-	-
REGNSKAPSMESSIG MER- MINDREFORBRUK (L = I+J-K)	-550 000	-	-	-

Tabellen over viser samla utgifter og inntekter frå drift i planperioden. Det er eit siktemål at driftsresultatet i prosent av driftsinntektene skal nærme seg anbefalingane på +1,75% i planperioden.

8. Politiske prioriteringar 2018

